

Vedtekter

§1 Navn

Foreininga heiter Kyrkjestova Fredheim.

§2 Føremål

Foreininga har som føremål å eiga og driva forsamlingshuset Fredheim og stilla dette til disposisjon for kristent arbeid, i tett samarbeid med Stord sokn.

Føremålet vil ein oppnå m.a. gjennom følgjande aktivitetar:

- Kjøp av eigedommen, låneopptak og inngåing av andre aktuelle avtaler.
- Innsamling av midlar.
- Medlemssamlingar og andre aktivitetar knytt til innsamling av pengar for føremålet.
- Drift og vedlikehald av bygget, m.a. gjennom dugnader.

§3 Organisasjonsform

Foreininga er ein frittstående juridisk person med medlemmer og er sjølveigande. At ho er sjølveigande inneber at ingen, verken medlemmer eller andre, har krav på foreininga si formue eller eigendelar, eller er ansvarlege for gjeld eller andre skyldnader.

§4 Medlemer

Alle som ønskjer å støtta føremålet, jfr §2, kan bli medlemmer i foreininga.

§5 Rettar og plikter knytte til medlemskapet

Alle medlemmer har rett til å delta på årsmøtet, har stemmerett og er valgbare til tillitsverv i foreininga. Medlemer som skuldar kontingent for meir enn eitt år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og styret kan stryka dei som medlemmer av foreininga.

Medlemene plikter å halda seg til vedtak som er fatta av årsmøte.

§6 Årsmøte

Årsmøtet, som blir halde kvart år, er foreininga sitt høgaste mynde. Årsmøtet er vedtaksført med det talet på stemmeberettiga medlemmer som møter, og alle medlemmer har ei stemme. Møteleiar blir valt av årsmøtet.

Med mindre anna er bestemt, skal eit vedtak, for å vera gyldig, vera fatta med alminneleg fleirtal av dei avgitte stemmene. Stemmelikskap blir avgjort ved loddrekking.

Årsmøtet blir innkalla av styret med minst ein månads varsel, anten direkte til medlemene eller ved kunngjering i pressa. Forslag som skal handsamast på årsmøtet skal vera sende til styret seinast to veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vera tilgjengeleg for medlemene seinast ei veke før årsmøtet.

Årsmøtet kan ikkje handsama saker som ikkje er oppførte på saklista, med mindre $\frac{3}{4}$ av dei frammøtte krev det.

§7 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal

- handsama årsmelding
- handsama revidert rekneskap
- handsama innkomne forslag
- fastsetja kontingent

- vedta budsjett
- velja
 - leiar
 - styremedlemer
 - varamedlemer til styret
 - revisor
 - valnemnd

Stord sokneråd utnemner eitt av styremedlemene blant sine medlemer. Øvrige styremedlemer blir valde av årsmøtet.

Leiar blir vald for eitt år og øvrige medlemer som hovudregel for to år, men slik at ein oppnår best mogeleg kontinuitet i styret.

§8 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte blir haldne når styret bestemmer det, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.

Innkalling skjer på same måte som for ordinære årsmøte, med minst 14 dagars varsel.

Ekstraordinære årsmøte kan berre handsama og ta avgjerdsle i dei sakene om er kunngjorde i innkallinga.

§9 Styret

Foreininga har eit styre på 5-7 medlemer. Styret er foreininga sitt høgaste mynde mellom årsmøta. Styret skal halda møte når styreleiar eller eit fleirtal av styremedlemene krev det.

Kyrkjeverje i Stord møter i styret med tale- og forslagsrett.

Styret skal

- iverksetja vedtak frå årsmøtet
- oppnemna eventuelle komitear, utval eller personar som skal gjera spesielle oppgåver, og utarbeida instruks for desse.
- administrera og føra nødvendig kontroll med foreininga sin økonomi, i tråd med gjeldande instruksar og reglar.
- representera foreininga.

Styret kan fatta vedtak når eit fleirtal av styremedlemene er til stades. Vedtak blir fatta med fleirtal av dei avgitte stemmene. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme.

§10 Signaturrett

Det er styremedlemene i fellesskap som har signaturrett.

Styreleiar og eitt av styremedlemene i fellesskap har prokura. Styret kan også gje prokura til andre.

§11 Vedtektsendring

Endring av desse vedtektene kan berre gjerast på ordinært eller ekstraordinært årsmøte, etter å ha vore på saklista, og det er krav om 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

§12 Oppløysing

Oppløysing av foreininga kan berre handsamast på årsmøte, og krev 2/3 fleirtal.

Foreininga si formue skal etter oppløysing og gjeldsavlegging tilfalla arbeidet for kyrkjelydshus i Stord sokn, ved at nettoformuen blir overført den instans som er ansvarleg for dette arbeidet. Årsmøtet avgjer korleis dette skal gjennomførast.

Ingen medlemer har krav på foreininga sine midlar eller delar av desse.